

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 15.03.2018
FRÅ: Administrerande direktør Jon Bolstad
SAKSHANDSAMAR: Berit Berntsen, HRO Direktør

SAKA GJELD: **Administrerande direktør si orientering – pkt 3**

ARKIVSAK:
STYRESAK: **003/18**

STYREMØTE: **22.03.2018**

Resultat Forbedring

Den nye nasjonale, årlege medarbeidarundersøkinga ForBedring erstattar tidlegare HMT-, pasienttrygghet og medarbeidarundersøkingar. Undersøkinga er eit samarbeid mellom dei 4 regionale helseføretaka, Pasientsikkerhetsprogrammet i Trygge Hender 24/7 og Helsedirektoratet. Alle helseføretak er omfatta av undersøkinga.

Formålet med den nye undersøkelsen er forbedring av arbeidsmiljø og pasientsikkerhetskultur fordi både pasienter og medarbeidere skal være trygge og sikre i helsetjenesten. Førekosten av uønskete hendingar blir påverka av både arbeidsmiljø og pasienttryggleikskultur. Vi kan derfor anta at risikoen for uønskete hendingar kan reduserast ved å forbetre arbeidsmiljøet og pasienttryggleikskulturen, samt at god pasienttryggleik bidreg til godt arbeidsmiljø.

Undersøkinga kartlegg ulike sider ved arbeidsmiljø, pasienttryggleikskultur og HMS (helse, miljø og sikkerheit), som kan ha samanheng med risiko for uønskete hendingar, eller verke negativt på tenesta si kvalitet og medarbeidarane si helse og engasjement. Resultata skal gi leiarar og medarbeidarar informasjon til å kunne redusere risiko for uønskete hendingar, blant anna ved å forbetre lokalt arbeidsmiljø og tryggleiksskultur.

Undersøkinga er tilgjengeleg i MinGat og skal gjennomførast i alle helseføretaka frå 1. februar til 15. mars 2018.

Formål og innhald i ForBedring har vore tema i samhandlingsmøtar, i FAMU, i leiargruppa og i samhandlingsdag med alle tillitsvalde og verneombod.

SAV fekk 85 % svar. Overordna resultat vert presentert i styremøte 22.03.18 då dei ikkje er klare i skrivande stund.

Leiarar, tillitsvalde og verneteneste får tilgang for respektive einingar. Tiltak skal være nedfelt i handlingsplan innan 31.05.18.